



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato  
17.01.2018  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2017/13858 612  
Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland v/etatsleiar  
Høgskulen på Vestlandet  
NLA  
PBL  
Utdanningsforbundet  
Fagforbundet  
Hordaland fylkeskommune

### **Invitasjon til møte om ny ordning for kompetanseutvikling for barnehage i Hordaland**

Kunnskapsdepartementet startar i 2019 innføringa av ei ny desentralisert ordning for kompetanseutvikling i barnehagen. Statlege midlar skal byggje opp under kommunen og barnehageeigar sitt ansvar for kvalitetsutvikling, og stimulere til eit langsiktig samarbeid mellom barnehagar, kommunar og høgskolar. Kommunane og høgskulane må bli einige om korleis dei statlege midlane skal fordelast og brukast. I løpet av inneverande år skal Fylkesmannen i Hordaland saman med barnehagesektoren kome fram til ei tenleg organisering for fylket.

**Vi inviterer difor etatsleiarar i kommunane og ein person frå kvar institusjon/organisasjon til eit møte 6. mars kl. 10.00 – 15.00 på hotell Terminus i Bergen.**

Hensikta med møtet er å drøfte ein modell for Hordaland. Det er utvikla ein modell for tilsvarande ordning for kompetanseutvikling på skuleområdet. Fylkesmannen vil ta utgangspunkt i denne også på barnehageområdet, men då justert for særtrekk ved barnehagesektoren. Det blir lagt fram eit forslag til ordning på møtet som grunnlag for drøfting.

Vi ber om ein tilbakemelding om kven som kjem frå dei ulike aktørane til [fmhoabs@fylkesmannen.no](mailto:fmhoabs@fylkesmannen.no), innan 23. februar. Det blir servert lunsj på møtet.

Med helsing

Anne Hjermand  
utdanningsdirektør

Marianne Svege  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

